



Bolstadstraumen bru pynta til opninga 20 desember 1963.

Utlånt av: Bjørg Dæmring Berge.

## **BOLSTADSTRAUMEN BRU OPNA I 1963**

---

Bjørg Dæmring Berge

---

*Bjørg er fødd og oppvaksen på Dæmring og opplevde dei store endringane i kommunikasjonane i Stamnesbygda. Nyevegen frå Dale til Dæmring og brua over Bolstadstraumen var dei viktigaste milepælane for vegsambandet i bygda i hennar ungdomstid.*

Bolstadstraumen bru er ei nettverksbogebru med hovudspenn på 84 m. Brua er konstruert av Per Tvedt og er den einaste nettverksbogebru i riksvegsamband i Noreg. Det er berre ei slik bru til, og ho er i Steinkjærsonrådet. Det er no ei

tilsvarende bru i arbeid i Brandangersund i Sogn og Fjordane, og ho vil bli 220 m. i hovudspenn. Elles er det også slike bruer i Tyskland og Japan.

Brua er konstruert som modular i Larvik og sett saman på byggeplassen.

Arbeidet med pælinga var det vossafirmaet Gjerme og Haarklau som hadde og sjølv arbeidet med bygginga av brua vart utført av firmaet Stolt Røthing.

Våren 1962 starta arbeidet med pælinga over straumen. Det skulle pælast ned tømmerstokkar som fundament for arbeidsbrua for anlegget. Då dette arbeidet byrja, var det tjukk is på Bolstadfjorden. Men så kom mildveret og isen losna og kom drivande ut fjorden og ned den stride straumen. Tømmerstokkane i arbeidsbrua brotna som fyrstikker. Arbeidsfolket var svært forundra, for dei hadde på førehand fått opplyst at det ikkje pla vera noko særleg isgang i straumen! Kanskje dei hadde fått eit anna svar om dei hadde spurt dei som budde nærast straumen. Heile arbeidsbrua måtte pælast på nytt.

Arbeidet med bygginga gjekk seinare etter planen, og brua var ferdig til opning fredag 20. desember 1963. Den dagen var det 12 - 13 kuldegrader og vind ut Bolstadfjorden. Ungdomslaget på Straume hadde pynta med granportalar og flagg i begge endar på brua. Den offisielle bruopninga med snorklipping vart føreteken av fylkesmann Mons Lid. Festkomiteen hadde gløymt å skaffa saks, så far min måtte heim og få "bestesaksa" hennar mor. Saks vart brukt, men kom aldri att.

Etter opninga var det fest i Stamnes bedehus for innbedne gjester med Bruvik formannskap som vertskap. Ved same høvet vart også det siste heradsstyremøtet i gamle Bruvik kommune halde på Stamnes.

På opningsfesten var det ymse helsingar og talar. Ein av dei vart halden av far min, Fridjov Dæmring. Her er eit utdrag av den talen:

"Sist i 1929 sende Andreas Dæmring skriv til Bruvik Heradsstyre om at der måtte takast opp arbeid med å få bygd veg mellom Straume og Dale. John Dale var i den tida ordførar. Heradsstyret valde ei nemnd som skulle førebu saka og koma med tilråding. Med i nemnda var: Arnfinn Nygård, Andreas Dæmring, Einar Dyvik og Reinhardt Leiro. Nemnda vart samankalla i hast i midten av januar 1930. Grunnen til det var at Stortinget den tid opna vårsesjonen 1. februar, og dei ville leggja saka fram for stortingsmann Johan Garnes før han reiste på tinget att etter juleferien.

Møtet i nemnda vart halde i Dyvik. Det var dårleg is på fjorden, og det var med nauda at Nygård kunne koma over isen frå Dalseid. Det heldt på å gå gale to gonger, sjølv om den isvande Nils Dyvik var med som los. Dei som kom frå Straumesida, måtte gå landvegen til Dyvik. Nemnda sat saman i møte i to dagar. Dei vart fort samde om at der måtte byggjast veg, men av ymse grunnar ville det vel ta si tid med tilrådinga. Folk hadde betre tid den gongen.

Utpå kvelden andre dagen tok dei seg over land til Straume og fekk fylgja eit sandfarty ut Sørfjorden til Garnes. Dei kom fram midt på natta og gjekk ute i vinterkulda og venta til morgonen. Då fekk dei snakka med stortingsmann Garnes, som visstnok lova å stø saka. Nemnda sende og si tilråding til heradsstyret. I heradsstyret drøfta dei seinare dette både med argument for og imot. Eit av



Arbeidet med pæling av brua er godt i gang. I venstre bilekant ser ein Bjørg på ro tur i straumen.

Utlånt av: Bjørg Dæmring Berge.

argumenta imot, var at viss vegen kom, ville det verta vanskeleg for bøndene på Dalegarden å få selja mjølka si på Dale, avdi det då ville koma så mykje mjølk frå Stamnesbygda! Vegplanen tok likevel etterkvart fast form og vart teken opp for alvor då Rimmereid vart ordførar.

Ei sak av denne storleik var eit alvorleg lyft for kommunen, og det var ikkje rart at ho møtte motstand. Likevel var nok fleirtalet i heradsstyret av den meining at saka måtte fremjast.

I og med bruopninga i dag kan ein vel seia at vi er komne til vegs ende i denne saka."

**BRUVIK FORMANNSKAP**

Herr Fritjov Dæmring m/frue,

Bolstadstraumen.

Brua over Bolstadstraumen vert opna fredag den 20.d.m.  
kl. 14.20.

Etter opninga vert det middag i bedehuset på Stammes,  
der det også vert markert at dette er siste heradstyremøtet i  
Bruvik.

Ein vil setja pris på om De ville vera med oss ved  
dette høvet.

Dersom De ikkje svarar innan tysdag den 17.d.m.reknar  
i med at De kjem.

Bruvik formannskap, 11.des.1963.

Med helsing



Innbyding til markering av det siste heradstyremøte i Bruvik kommune.

Utlånt av Bjørg Dæmring Berge.